



I dag starta Tine fotballskule i Rosendal og på Husnes og i Rosendal er det 16 uskedelingar som vil oppleve 3 lærerike dagar under kyndig instruksjon.

I instruktørteamet er også Uskedalen godt representert - ved Kari Bråtun, Tomas Halvorsen og Torbjørn Steinsvik.



Uskedelingar i fint selskap i dag. Sander Simensen og Martin H. Arnesen saman med FKH-spelarane Vegard Skjerve og Dag Roar Ørsal. (Foto: Vidar Alfarnes)

Det er sjette gongen Rosendal Turnlag held fotballskule, og aldri før har interessa vore så stor som no, fortel eldsjel og primus motor Arvid Nes til uskedalen.no

Han sette eit tak på 100 for innmeldingane, men kunne ha teke inn 150 - så stor var interessa.

Det vart operert med lang venteliste og til slutt enda dei på 105 deltakarar. I flokken er også spelarar frå Ullensvang og Fusa med. Fordelinga mellom gutar og jenter er 60/45.

Eit høgdepunkt kvart år plar vera eit besøk frå Brann, men i år er Haugesundbesøk høgdepunktet. Dei kjem i føremiddag med heile laget samt familie og vener - faktisk så mange som 50 - og skal vera i Rosendal heilt til laurdag. Under opphaldet skal det avviklast eit seminar for instruktørane.

På biletet over er dei fleste uskedelingane samla. Under er 8-årsklassa i aksjon. Uskedalen er representert også i denne flokken.

Av Ola Matti Mathisen

